



Bacheloroppgave

IDR600 Sport Management

I kva grad har Prosjekt Tilhørighet endra folk si oppfatning av MFK i lokalmiljøet?

Veronica Nerland Madsen

Totalt antall sider inkludert forsiden: 28

Molde, 23.05.13



Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

Du/ dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruten til høyre for den enkelte del 1-6:		
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.	<input checked="" type="checkbox"/>
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none">• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.	<input checked="" type="checkbox"/>
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annullering av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. Universitets- og høgskoleloven §§4-7 og 4-8 og Forskrift om eksamen §§14 og 15.	<input checked="" type="checkbox"/>
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiatkontrollert i Ephorus, se Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver	<input checked="" type="checkbox"/>
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens retningslinjer for behandling av saker om fusk	<input checked="" type="checkbox"/>
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av kilder og referanser på biblioteket sine nettsider	<input checked="" type="checkbox"/>

Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Hallgeir Gammelsæter

Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven, §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjenning.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:

ja nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?

ja nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?

ja nei

Er oppgaven unntatt offentlighet?

ja nei

(inneholder taushetsbelagt informasjon. Jfr. Offl. §13/Fvl. §13)

Dato: 21.05.13

Antall ord: 7240

Forord

Det å skrive denne bacheloroppgåva, med Prosjekt Tilhørighet som tema, har både vore spennande og lærerikt. Eg har fått god kjennskap til Prosjekt Tilhørighet og kor mykje dette prosjektet betyr for dei frivillige organisasjonane som er med på prosjektet og MFK.

Eg vil gjerne takke MFK og Molde Fotball AS for alt det nyttige eg har lært gjennom utplasseringsplassen. Eg vil også takke dei frivillige organisasjonane som stilte opp som eg fekk intervju, dykk var til stor hjelp! Samt vil eg takke Prosjekt Tilhørighet ansvarleg i MFK, Lars Outzen og Olaus Brunvoll for all den nyttige informasjonen eg fekk i forhold til Prosjekt Tilhørighet og MFKs historie.

Til slutt vil eg takke vegleiaren min Hallgeir Gammelsæter, som har vore til stor hjelp gjennom heile prosessen.

Innhold

1.0	Innleiing	1
1.1	Problemstilling	1
1.2	Oppfatninga av MFK før PT	2
1.3	Vegen vidare.....	2
2.0	Teori	3
2.1	Frivilligheit	3
2.2	Institusjonell teori.....	4
3.0	Metode.....	8
3.1	Kvalitativ og kvantitativ metode	8
3.2	Val av metode.....	8
3.3	Fordelar og ulemper	9
3.4	Populasjon og utval	10
3.5	Validitet og reliabilitet.....	11
3.6	Etiske sider	11
3.7	Intervju	12
4.0	Resultat/diskusjon.....	13
4.1	Betydinga av Prosjekt Tilhørighet.....	13
4.1.1	Bruk av midla.....	14
4.1.2	Konsekvensen dersom PT blei borte.....	14
4.2	Frivilligheita i organisasjonane og regionen	15
4.3	Oppfatningane av MFK.....	16
4.4	Oppfatningane av PT.....	17
4.5	Diskusjon.....	17
5.0	Konklusjon.....	19
6.0	Referanseliste.....	21
7.0	Vedlegg.....	23
7.1	Intervju med frivillige organisasjonar i høve Prosjekt Tilhørighet	23

1.0 Innleiing

Temaet for denne bacheloroppgåva er Prosjekt Tilhørighet. Prosjekt Tilhørighet (PT) blei oppretta i juni 2006 som eit dugnadstilbod for organisasjonar som driv med frivillig arbeid i området Molde og omland (rbnett.no, 2010). Prosjekt Tilhørighet er, ifølge Molde Fotballklubb (MFK) si heimeside, eit samarbeidsprosjekt mellom Molde Fotballklubb og The Resource Group (TRG som er Kjell Inge Røkke og kona Anne Grete sitt private selskap), der TRG skyt inn maksimum 25 millionar kroner per år, som blir delt ut til frivillige organisasjonar. Formålet til Prosjekt Tilhørighet er å fremme og stimulere til auka aktivitet i frivillige organisasjonar i Romsdal og Nordmøre og utvalte delar av Sunnmøre (Molde Fotball AS, 2013). Dette skjer ved at desse organisasjonane verkar som seljarar for MFK der dei sel sesongkort til enkeltpersonar/organisasjonar/bedrifter og får tilført midlar frå TRG for kvart selde sesongkort. Enkeltpersonar kan også kjøpe sine egne sesongkort og gi beskjed om kva slags organisasjon av dei som er med i Prosjekt Tilhørighet dei vil støtte. Til meir ein brukar sesongkortet, til meir midlar vil organisasjonen kjøparen støttar få inn. Maksimal sum ein kan få inn per sesongkort er kjøpssummen av sesongkortet, og minimumssummen er 80 % av sesongkortprisen.

Grunnen til at eg har valt dette temaet er først og fremst at det er noko som verkeleg interesserar meg, samt at eg har utplassering i administrasjonen i Molde Fotball AS, så eg vil skrive om noko som også kan vere til nytte for Molde Fotball AS og Molde Fotballklubb (MFK), og kanskje også fremme Prosjekt Tilhørighet enda meir, slik at folk som ikkje veit kva det eigentleg dreiar seg om, vil få eit betre innblikk i det. Og det er ikkje sikkert det er så mange som veit kor mykje dette prosjektet betyr for desse organisasjonane, da det ikkje er skrive så veldig mykje om det frå før av. Samt at Prosjekt Tilhørighet er eit eineståande prosjekt i Noreg, og moglegvis verda, det er ingen andre organisasjonar som har ei liknande ordning her til lands, så derfor er dette eit svært interessant område, både for privatpersonar, frivillige organisasjonar og andre tippeligaklubbar.

1.1 Problemstilling

Problemstillinga eg har kome fram til er:

I kva grad har Prosjekt Tilhørighet endra folk si oppfatning av MFK i lokalmiljøet?

Seinast i 2012 blei det delt ut ca. 12,23 millionar fordelt på 148 frivillige organisasjonar. Desse frivillige organisasjonane er alt frå fleiridrettslag, særiddrettslag, korps, kor, turngrupper, mosjonistgrupper og andre frivillige organisasjonar der den største ressursen deira består av frivillig ulønt arbeid. Spørsmålet er om Prosjekt Tilhørighet også har hatt betydning når det gjeld å endre oppfatninga av MFK i lokalmiljøet. Har dette prosjektet vore med på å setje MFK i eit betre lys i byen og regionen rundt gjennom desse organisasjonane? Eg vil også sjå litt på kva betydning dette prosjektet har hatt for dei frivillige organisasjonane som er med på Prosjekt Tilhørighet. Eg vil anta at prosjektet har påverka desse organisasjonane på eit vis òg.

1.2 Oppfatninga av MFK før PT

Før Prosjekt Tilhørighet blei oppretta var det, ifølge Olaus Brunvoll som er ansvarleg for historikken i MFK, veldig mange både i og utanfor MFK som såg på MFK som veldig inneslutta, ein hald seg for seg sjølv. Klubben var ikkje open for fansen/publikumet på same måte som den er no og det var mange som gjekk med hovudet høgt heva, samt at ein mangla den stoltheita blant fansen som ein har for laget no. Ein hadde sjølvsagt supportergruppa *Tornekrattet* da og som omtrent «levde for klubben», men ein hadde ikkje den stoltheita av MFK både blant supporterar og spelarar i klubben som ein har i dag.

1.3 Vegen vidare

For å finne ut av problemstillinga vil eg foreta intervju i seks ulike frivillige organisasjonar som er med på Prosjekt Tilhørighet. Intervjua vil handle om organisasjonen sitt forhold til MFK i sambindinga med Prosjekt Tilhørighet. Eg vil gjere utvalet mitt på bakgrunn av dei organisasjonane som har stege mest i inntekter frå PT prosentvis dei siste tre åra. Men eg vil samstundes velje vekk dei reine fotballklubbane/avdelingane som er med på dette prosjektet.

Grunnen til at eg vel vekk dei reine fotballklubbane/avdelingane som er med på Prosjekt Tilhørighet, er at eg antek at ein god del av desse, både utøvarar og foreldre, har ei veldig positiv oppfatning av MFK dersom ein ser bort frå PT, samt at dei i utgangspunktet er genuint interessert i fotball frå før av. Ein god del av desse ville truleg kjøpt sesongkort/billettar og gått på MFK sine heimekampar uavhengig av Prosjekt Tilhørighet.

Men ser ein på andre organisasjonar som kor, korps, handballklubbar, turnforeiningar og liknande, så antek eg at ein god del av desse ikkje er like opptekne av fotball og MFK som

dei som er medlem i ein fotballklubb. Det er derfor her det vil vere mest interessant å undersøke om Prosjekt Tilhørighet har vore med på å endre desse organisasjonane si oppfatning av MFK.

2.0 Teori

Teorien som eg vil bruke for å sjå på problemstillinga mi, er institusjonell teori, samt å sjå på frivilligheit.

2.1 Frivilligheit

I Noreg er frivilligheita ein stor del av den norske idretten.

Det at den norske idretten er frivillig blir kjenneteikna av at medlemskapen er frivillig, organisasjonane er uavhengige av ein tredjepart, avgjerdsstrukturane skal vere demokratiske, den viktigaste ressursen er frivillig ulønt arbeid, organisasjonen har ei klar interesseforplikting overfor medlemmane og arbeidet skal vere målspeifikt og målorientert (Enjolras, Seippel og Waldahl 2005, s14).

Det at den viktigaste ressursen er frivillig ulønte arbeid, blir kjenneteikna av at arbeidet ikkje er lønna, det er noko ein gjer frivillig, det er til gagn for andre, det skal tilførast andre enn familie, og det skal vere av ein viss formell karakter, dvs. at det skal vere organisert frivillig arbeid (Enjolras, Seippel og Waldahl 2005, s14).

I den norske idretten så blir omlag 90 prosent eller meir av arbeidet i ca. 90 prosent av idrettslaga utført av frivillige. Dette er frivillig arbeid som ein ser igjen i arbeid både som trenarar, oppmenn, lagleiarar, drifting av anlegg, dagleg leiing, pengeinnsamling, dugnadar, tillitsverv, frivillig organisering, osv. (Enjolras, Seippel og Waldahl 2005, s48).

Den norske frivillige idretten er organisert under NIF, men ein kan sjå at graden av frivilligheit vil variere ut i frå kva nivå ein driv idrettslaget på. Ser ein til dømes på eit fotballag i femte divisjon i forhold til eit fotballag i Tippeligaen, så vil sjølvsagt femtedivisjonslaget vere meir prega av frivilligheit enn tippeligaen. Men ein ser også at eit Tippeligaenlag som Molde Fotballklubb vil vere prega av ein god del frivilligheit for å klare å få organisasjonen til å gå rundt. Berre på kampdag har MFK mellom 300-400 frivillige på stadion som jobbar som blant anna servitørar, står i kiosk, vakter, osv. Dersom ein skulle ha betalt alle desse som stiller opp kamp etter kamp ville dette fått store økonomiske konsekvensar for MFK.

Når det gjeld Prosjekt Tilhørighet, så er dette eit prosjekt som blir drive av MFK, der medlem av dei frivillige organisasjonane som er med fungerer som frivillige seljarar av sesongkort for MFK for å samle inn pengar til sin organisasjon. Frivillig arbeid er derfor ein stor og viktig del i høve PT.

Eg vil også seie litt om frivilligheita utanfor idretten, da fleire av dei som eg intervjuar og som er med på PT ikkje er idrettslag, men andre frivillige organisasjonar. *Frivillighet Norge definerer slike frivillige organisasjonar som ei samanslutning av personar/verksemdar som driv frivillig verke på ikkje-fortenestebasert og ikkje-offentleg basis.* Dette er da ei verksemd som i stor grad er basert på frivillige gåver/innsamla midlar og/eller frivillig tidsbruk. Dei frivillige organisasjonane skal også vere sjølvvegande og styrde i høve egne vedtekter og statuttar (Frivillighet Norge, 2013).

Blant frivillige organisasjonar så støyter ein ofte på økonomiske utfordringar da desse som sagt er basert på frivillig arbeid og at ein da ikkje har faste inntekter som er med på å dekkje dei utgiftene som organisasjonane har. Desse økonomiske utfordringane som ein støyter på kan til dømes vere drifting av anlegg, halde oppe aktiviteten i organisasjonen samt å kunne ha eit tilbod for alle brukargruppene, vedlikehald av fasilitetane, innkjøp av viktig utstyr osv.

Ved at desse organisasjonane er med og engasjerer seg i Prosjekt Tilhørighet så kan midlane som dei får inn gjennom PT vere med på å løyse nokre av desse økonomiske utfordringane som organisasjonane støyter på, og det kan da føre til at det vil bli lettare å drive desse organisasjonane da dei slepp å tenkje på økonomien og konsekvensane av å bruke dei midlane som dei sitt med.

2.2 Institusjonell teori

Tidlegare har det vore gjort ein god del forskning innanfor institusjonell teori, og ein har mange forskjellige retningar innanfor denne. Grunna dette så har ein ingen felles definisjon, men hovudinnhaldet i teorien kan ein kort seie er korleis dei institusjonelle omgivnadane til ein organisasjon påverkar organisasjonen (Jacobsen og Thorsvik 2007).

Ifølge Andersen (2009, s 224) så belyser den institusjonelle teorien både dei ytre og indre sidene ved legitimiteten av organisasjonane gjennom reglar, verdiar og forholdet mellom individ, organisasjon og samfunn.

Institusjonelle omgivningar, som er kjernen i institusjonell teori, viser til korleis oppfatningar, verdiar, normer og forventningar som er utbreidd i omgivnadane kan vere avgjerande for korleis organisasjonen blir oppfatta og legitimert i omgivnadane. For at organisasjonen skal bli oppfatta som legitim må den tilpasse seg dei institusjonelle omgivnadane, som ein kan dele i tre ulike søyler; ei regulativ, ei normativ og ei kognitiv søyle. Desse søylene skil ein frå kvarandre ved å sjå på kva som kjenneteiknar kvar enkelt søyle når det gjeld grunnlag for press, tilpassing og legitimitet (Jacobsen og Thorsvik 2007).

Ein grunn til at dei institusjonelle omgivnadane er viktige for ein organisasjon som MFK og PT, er at MFK og PT må hente sine ressursar frå andre stadar enn kjøp og sal av varer, som til dømes sponsorar. Da er det viktig å vise dei som finansierar/sponsar MFK at dei leverar gode resultat i forhold til dei måla som er satt slik at ein ikkje mister nokon av desse som finansierar klubben. Det er også viktig for ein organisasjon som MFK at ein har god legitimitet i samfunnet. Dersom denne legitimiteten blir svekka blant tilhengarar og sponsorar kan det føre til at organisasjonen ikkje blir oppfatta som effektiv og det kan på lengre sikt føre til tap av støtte (Jacobsen og Thorsvik 2007, s 188). Dersom MFK ikkje blir oppfatta som legitim vil nok dette gå utover PT og sal av sesongkort. Dette vil da føre til at alle dei frivillige organisasjonane som får inn midlar gjennom PT vil få inn mindre midlar og det kan igjen svekke deira organisasjonar.

Dei institusjonelle omgivnadane kan ein som sagt dele i tre søyler som organisasjonen må tilpasse seg for å bli oppfatta som legitim blant omgivnadane. Den regulative søyla viser til ulike lover, reglar og bestemningar som organisasjonen må tilpasse seg for å bli oppfatta som legitim. Dersom dei ikkje tilpassar seg og tek omsyn til desse kan ein bli straffeforfølgt. Den normative søyla viser til verdiar og normer i omgivnadane som påverkar korleis organisasjonen bør bli styrt og leia. Den kognitive søyla viser til korleis ulike grupper innanfor same miljø ofte utviklar felles meiningar om kva måte ein skal gjennomføre ulike oppgåver på (Jacobsen og Thorsvik 2007, s 199-200). Figuren under vil gi eit døme på dette.

Figur 2.1. Eigenskapar knytt til dei tre institusjonelle søylene (Jakobsen og Thorsvik 2007)

	Regulativ	Normativ	Kognitiv
Grunnlag for press	Lovgiving	Verdiar og forventningar	«Tatt-for-gitt» oppfatningar om kva som bør gjerast
Grunnlag for tilpassing	Tvang	Sosial forpliktelse	Ønske om å etterlikne
Grunnlag for legitimitet	Formell godkjenning	Moralsk aksept	Ein gjer det som blir oppfatta som riktig
Døme	Regulering og kontroll av foreining	Standard for personellbehandling	Organisasjonsoppskrifter for til dømes the Balanced Scorecard

Kvar av dei tre søylene som ein ser over representerer ei institusjonell forklaring på korleis kulturelle forhold i omgivnadane vil påverke organisasjonane ved å setje dei under press for å gjere noko bestemt for å sikre seg legitimitet i omgivnadane (Jakobsen og Thorsvik 2007, s 200).

For å bruke institusjonell logikk til å forklare korleis MFK, Prosjekt Tilhørighet og dei organisasjonane som er med på dette prosjektet blir påverka av omgivnadane, og også kvarandre, vil eg sjå på dei i forhold til dei tre søylene som er beskrive over. Ein vil da sjå at innanfor kvar søyle vil det ligge bestemte forventningar og oppfatningar.

Dersom ein ser på den regulative søyla så må MFK, som alle andre idrettslag som er medlem i NIF, følgje NIFs lov. Ein kan da seie at Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité er norsk idrett si høgste myndigheit, og dersom ein ikkje rettar seg etter bestemmingane som står i NIFs lov kan det føre til at ein blir straffefølgd. Dette gjeld også i forhold til den samarbeidsavtalen MFK og TRG har når det gjeld PT. Og det er da desse lovene frå NIFs lov som er sær viktige å følgje når det gjeld PT;

§ 13-2 Idretten si frie stilling

(1) Ved inngåing av avtaler og etablering av samarbeid med næringslivet skal NIF og tilslutta organisasjonsledd ta vare på si frie stilling, herunder oppretthalde sin

posisjon som eit sjølveigande og frittståande rettssubjekt.

(2) Organisasjonsledda skal behalde bestemmande myndigheit over alle forhold knytt til medlemsskapet og den sportslege aktiviteten (NIFs Lovhefte 2012).

§ 13-3 Krav til idretten sine avtaler og samarbeid med næringslivet

(1) Avtaler og samarbeid mellom idretten og næringslivet skal vere i samsvar med idretten sitt regelverk og etiske grunnverdiar.

(2) Reklame og marknadsføring knytt til idretten skal ikkje stride mot NIFs formål eller idretten sine etiske grunnverdiar.

(3) Inngåing av avtaler og etablering av samarbeid mellom idretten og næringslivet skal skje skriftleg. Berre organisasjonsledd kan vere part i slike avtaler med mindre noko anna framgår av NIFs lov § 14-4(2).

(4) Ei tilvising til idretten sitt regelverk skal bli tatt inn i alle avtaler/ samarbeidsforhold, og der skal det kome fram at bestemmingane som i tilfelle strid i mot skal bli tolka i samsvar med idretten sitt regelverk. Organisasjonsledd skal gjere avtalemotpart/samarbeidspartnar merksam på idretten sitt regelverk (NIFs Lovhefte 2012).

Det er da nødvendig at MFK følgjer desse lovene i forhold til PT. Dersom dei ikkje gjer det kan det føre til mykje negativ omtale, ein kan bli truga med å miste medlemskapen i NIF eller bli kasta ut av ligaen, ein kan også bli straffefølggt. Dette kan igjen føre til at ein får eit svekka omdøme blant omgivnadane og idrettslaget kan bli sett på som mindre legitimt.

Når ein ser på den normative søyla så presiserer den korleis ei form for sosial forplikting i organisasjonen er sjølve grunnlaget for at organisasjonen tilpassar seg dei verdiane og forventningane som er i omgivnadane. Da blir spørsmålet om MFK klarer å bygge opp legitimitet og få ei moralsk aksept blant omgivnadane via det arbeidet dei gjer med Prosjekt Tilhørighet (Jacobsen og Thorsvik 2007, s200).

Den kognitive søyla går meir på at MFK sin legitimasjon er bestemt ut frå den grada andre oppfattar at organisasjonen samsvarar med kva som er allment aksepterte oppfatningar om korleis den bør sjå ut (Jacobsen og Thorsvik 2007). Dette er noko som er veldig vanskeleg å måle, da det ikkje går ann å bevise korleis andre oppfattar organisasjonen, da det til dels er snakk om umedvitne oppfatningar som blir tatt for gitt og dermed ikkje sagt.

3.0 Metode

I følge Jacobsen (2005, s 24) er metode *ein måte å gå fram på for å samle inn empiri, eller det ein kallar data om verkelegheita. Metoden er da eit hjelpemiddel til å gi ei beskriving av den såkalla verkelegheita.*


3.1 Kvalitativ og kvantitativ metode

I metode skil ein mellom to måtar å samle inn data på, det er den kvalitative tilnærminga og den kvantitative tilnærminga. Hovudforskjellen mellom desse er tal og ord.

Ein kan seie at kvalitativ data er empiri i form av ord (setningar, tekstar, forteljingar o.l.) som formidlar mening. Ein bør velje den kvalitative tilnærminga når ein ønskjer beskrivingar av korleis menneske forstår og tolkar ein situasjon (Jacobsen 2005, s 124)

Kvantitativ data er derimot empiri i form av tal, anten naturlege talstørrelsar eller symbol for ord. Ein bør velje den kvantitative tilnærminga når problemstillinga dreier seg om å beskrive omfang/hypigheit av eit fenomen og er så klar at den lar seg strukturere på førehand, og når ein ønskjer å undersøke mange einskapar for å generalisere til ein større populasjon (Jacobsen 2005, s 124).

Figur 3.1: Kvalitativ og kvantitativ metode som ytterpunkt på ein skala (Jacobsen 2005, s 127)



3.2 Val av metode

Som eg har nemnt tidlegare, er det ingen som har forska på Prosjekt Tilhørighet tidlegare. For å undersøke om Prosjekt Tilhørighet har vore med på å endre folk si oppfatning av

MFK har eg valt å bruke ei kvalitativ tilnærming i mi innsamling av data samt at eg har hatt ein muntlig uformell samtale med Olaus Brunvoll, som er historikkansvarleg i MFK, for å få vite litt meir om kva slags oppfatningar som var rundt MFK før PT blei starta opp.

Den kvalitative tilnærminga er ei metode som er open, og der eg som undersøkar prøver å leggje så få føringar som mogleg på den informasjonen eg skal samle inn. Dette fører til at eg vil få eit betre innblikk i oppfatninga organisasjonane har av MFK i forhold til om eg hadde valt ei kvantitativ tilnærming som er meir låst (Jacobsen 2005, s 127). I tillegg til arbeidet med bacheloroppgåva mi, har eg hatt utplassering i administrasjonen i Molde Fotball AS, der eg har fått eit innblikk og observert ein god del av det arbeidet som blir gjort frå MFK si side når det gjeld PT.

3.3 Fordelar og ulemper

Ein av dei største fordelane med den kvalitative tilnærminga er at den er open og at den legg veldig få avgrensingar når det gjeld dei svara ein respondent kan gi. Og det at ein ikkje har faste spørsmål med faste svarkategoriar gjer også at ein får fram den «riktige» forståinga av eit fenomen eller ein situasjon, og det er dei som blir undersøkt som i stor grad definerer den «korrekte» forståinga (Jacobsen 2005, s 129).

Ein annan fordel er at det kan oppstå ein nærleik mellom intervjuar og respondent som ein ikkje kan oppnå gjennom eit spørjeskjema. Ein vil da prøve å kome under huda på den ein intervjuar for å få så ærlige svar som mogleg. Den kvalitative tilnærminga er også fleksibel. Ein har i utgangspunktet ei problemstilling, men etter kvart som ein får inn informasjon, kan denne endre seg etter kvart som undersøkinga går føre seg, dvs. ein interaktiv prosess (Jacobsen 2005, s 129).

Ei ulempe/utfordring ved den kvalitative tilnærminga er at den er veldig ressurskrevjande. Intervjua tek ofte lang tid, og dersom ein har avgrensa med ressursar må ein ofte nøye seg med få respondentar. Når ein gjer eit slik utval må ein ofte spørje seg sjølv om dei ein intervjuar er representative for resten av populasjonen. Ein kan da få problem med den eksterne gyldigheita (Jacobsen 2005, s 130).

Ei anna ulempe ein ser i den kvalitative tilnærminga er at det kan vere ganske vanskeleg å tolke all den data ein får inn. Ein kan med andre ord seie at den data ein får inn er veldig kompleks, og ein kan lett miste oversikta over all den data ein har (Jacobsen 2005, s 130).

Vidare ser ein at den nærleiken som oppstår mellom intervjuar og respondent også kan bli for nær, og undersøkaren kan bli fanga av det ein studerer, ein kjem for tett på og ein kan miste evna til kritisk refleksjon (Jacobsen 2005, s 130).

Eit anna problem er undersøkingseffekten, der sjølve undersøkinga skaper spesielle resultat. Ein vil da ende opp med å måle noko ein har skapt sjølv i staden for å måle korleis respondenten opplev fenomenet. Her vil dei største problema oppstå pga. det tette forholdet mellom intervjuar og den som blir intervjuet (Jacobsen 2005, s 131).

Det kan også oppstå utfordringar ved at intervjuobjektet må svare på intime eller ukomfortable spørsmål, der ein ikkje vil svare ærlig fordi ein ikkje føler seg komfortabel med det.

3.4 Populasjon og utval

Populasjonen i denne oppgåva er alle dei undersøkingseinskapane som eg ønskjer å uttale meg om. Her er det avgrensa til alle dei frivillige organisasjonane som er med på Prosjekt Tilhørighet. Populasjonen min er her på 164 frivillige organisasjonar. Eg har da valt å gjere eit utval, som er ei undergruppe som ein vel ut frå den faktiske populasjonen (Jacobsen 2005, s 80). Eg har valt å gjere eit utval da det vil vere for ressurs- og tidkrevjande for meg som undersøkar å gjere ei totalundersøking, der eg intervjuar alle dei 164 organisasjonane.

Eg har valt ut utvalet mitt på følgjande måte. Først satt eg opp ei liste over alle dei frivillige organisasjonane som har vore med på PT minimum dei siste tre åra, frå 2010-2012. Deretter organiserte eg lista etter kven som har auka mest i inntekter prosentvis når det gjeld midlar ein får inn gjennom PT, for så å fjerne alle reine fotballklubbar/-organisasjonar. Eg valte å fjerne desse på grunnlag av at eg antek at desse er veldig interesserte i fotball uavhengig av PT, og dei vil mest sannsynleg ha eit positivt syn på MFK uavhengig av PT, da MFK er det einaste store fotballaget i regionen.

Vidare valte eg å intervju dei seks frivillige organisasjonane som låg øvst på lista i høve prosentvis auking i midlar dei har fått inn frå Prosjekt Tilhørighet dei siste tre åra.

Ei slik kvalitativ undersøking som eg jobbar med, har som hensikt å utdjupe begrep og fenomen, som i dette tilfelle er Prosjekt Tilhørighet. Eg har valt ei teoretisk generalisering, som vil seie å generalisere data ut frå eit mindre utval undersøkingseinskapar til eit meir

teoretisk nivå. Eg har valt å gjere dette da eg har få undersøkingseinskapar og eg har valt desse einskapane fordi dei er svært interessante i høve mi problemstilling i forhold til ein god del andre av einskapane i populasjonen. Grunna dette kan det vere vanskeleg å seie noko om at utvalet mitt vil vere representativ for heile populasjonen (Jacobsen 2005, s 222-223). Det kan sjølvstundt bli sett på som ei svakheit at eg har eit så lite utval, men i forhold til problemstillinga som eg har så ser eg på det som ei styrke at eg har det utvalet som eg har, da det er mest interessant i forhold til problemstillinga.

3.5 Validitet og reliabilitet

Gjennom denne oppgåva har eg samla inn empiri. Denne empirien skal tilfredsstillere to krav uansett kva den dreiar seg om. Den skal vere gyldig og relevant(valid) samstundes som den er påliteleg og truverdig(reliabel) (Jacobsen 2005).

Validitet, det at empirien er gyldig og relevant, vil seie at ein måler det ein faktisk ønskjer å måle. Ein kan dele validitet inn i tre delkomponentar. Det er begrepsgyldigheit som går på om ein måler det ein faktisk ønskjer å måle. Har eg gjennom denne undersøkinga målt om PT har vore med på å endra folk/organisasjonane si oppfatning av MFK? Den andre komponenten er intern gyldigheit, som går ut på om ein har dekning i våre data for dei konklusjonane ein trekk. Ser eg samanhengen mellom den data eg har samla inn og dei konklusjonane eg trekk? Den siste komponenten er ekstern gyldigheit som går ut på om resultatet frå eit avgrensa område også vil vere gyldig i andre samanhengar (Jacobsen 2005).

Får at undersøkinga skal vere reliabel så må den vere til å stole på. Undersøkinga bør da vere gjennomført på ein måte som er truverdig og som vekker tillit (Jacobsen 2005).

3.6 Etiske sider

Ein må ta omsyn til visse etiske sider når ein skal gjennomføre slike intervju. Desse er: om ein ønskjer å skjule hensikta med intervjuet for den ein intervjuet, informert samtykkje, krav på privatliv og krav på å bli korrekt attgjeve (Jacobsen 2005)(Madsen, 2011).

Informert samtykkje seier noko om at den som blir intervjuet sjølv er i stand til å bestemme om han eller ho vil delta, at det er frivillig å vere med i undersøkinga. Eg som undersøkar har da valt å gi tilstrekkeleg med informasjon til dei eg intervjuet om blant anna hensikta med intervjuet og korleis eg skal bruke den data som eg samlar inn. Eg valde å ikkje skjule

hensikta med intervju, da den neppe ville ha hatt nokon innverknad på dei som eg intervju (Jacobsen 2005)(Madsen 2011).

Krav til privatliv seier noko om at ein har visse delar i livet sitt som ein nødvendigvis ikkje vil bli intervju om. Ein har rett til eit eige privatliv. Når ein skal sjå på dette kravet er det viktig at ein ser på kor følsam informasjonen er for dei ein undersøker. Kva ein oppfattar som følsam informasjon vil vere individuelt frå person til person. Her er det viktig at eg ser på kor privat informasjonen eg samlar inn er og om det er lett å identifisere enkeltpersonar ut frå den data eg samlar inn. Gjennom desse intervju har eg ikkje samla inn noko privat informasjon, og dei som eg har intervju i denne oppgåva vil vere anonyme og vanskelege å identifisere ut frå den informasjonen eg har samla inn (Jacobsen 2005)(Madsen 2011).

Krav til riktig presentasjon av data vil seie at ein skal gjengi resultata som ein kjem fram til fullstendig og i rett samanheng, i den grad dette er mogleg. Ein skal da heller ikkje forfalske/jukse med data og resultat da dette er i strid med alle forskingsmessige prinsipp (Madsen 2011).

3.7 Intervju

Eit intervju blir kjenneteikna ved at eg som undersøkar og respondenten pratar saman i ein vanleg dialog, og den data eg samlar inn kjem fram via ord, setningar og forteljingar. Intervjuet føregår til vanleg ansikt til ansikt, men det kan også skje over telefon eller via internett. Partane er innom forskjellige tema som intervjuaren vil samle inn data om, og intervjuaren noterar seg og/eller tek opp det respondenten seier. Her er det ingen eller veldig få avgrensingar på kva respondenten kan seie (Jacobsen 2005, s 142).

Når eg skal foreta slike intervju står eg overfor ein god del val. Skal ein foreta intervju ansikt-til-ansikt, over telefon eller via internett, skal intervjuet vere opent eller strukturert, skal hensikta med intervjuet vere skjult eller open, kvar skal ein foreta intervjuet, skal ein bruke bandopptakar eller ikkje, kor lenge bør intervjuet vare, osv. (Jacobsen 2005).

Eg har intervju seks personar som er talsperson for sine frivillige organisasjonar i høve PT om forholdet mellom deira frivillige organisasjon og PT for å samle inn mest mogleg relevant data i forhold til mi problemstilling.

Eg valde å foreta intervju ansikt-til-ansikt da det er enklare å oppnå ei personleg kontakt med respondenten når ein sitt fysisk ovanfor kvarandre enn over telefon/internett, samt at

det er forska på og funne ut at det er mindre truslar mot gyldigheit og pålitelegskap ved intervju som skjer ansikt-til-ansikt enn intervju som skjer over telefon og internett (Jacobsen 2005, s143-144).

Når det gjeld graden av strukturering i eit intervju er det laga ulike intervjuguidar med forskjellig grad av strukturering. Ein skil da gjerne mellom svært låg struktureringsgrad, middels struktureringgrad og sterk struktureringsgrad.

Eg har valt å nytte meg av ei sterk struktureringsgrad der eg har faste spørsmål i ei fast rekkjefølgje, med opne svar og eventuelle oppfølgingsspørsmål/hjelpespørsmål som skal vere med på å hjelpe respondenten i gang med tankegangen (Jacobsen 2005, s 145-146).

Vidare ser eg ingen hensikt med å skjule hensikta med intervjua, da eg antek at Prosjekt Tilhørighet ikkje er eit tema som er følsamt/intimt for respondentane.

Under intervjua tok eg opptak av samtalanane samt noterte litt undervegs. Eg valde å ta opp samtalanane, da eg såg det som nær umogleg å klare å skrive ned all informasjonen respondentane hadde, og eg var redd for å gløyme noko av det eg ikkje hadde hatt tid til å skrive ned. Det kan vere ei ulempe da respondentane kan bli «stumme» berre ved å sjå ein bandopptakar, men dette var ikkje noko eg la merke til ved mine intervju (Jacobsen 2005).

4.0 Resultat/diskusjon

Mi problemstilling var å finne ut om Prosjekt Tilhørighet har endra folk si oppfatning av MFK. For å finne ut av dette valde eg å intervju seks frivillige organisasjonar som er med på Prosjekt Tilhørighet. Desse intervjua gav meg mykje informasjon og data som eg har tolka og samanlikna. Vidare vil eg presentere dei funna eg kom fram til gjennom analysen av dataa og diskutere desse med utgangspunkt i teoridelen.

4.1 Betydinga av Prosjekt Tilhørighet

Av samtlige intervju som blei gjennomført så var alle einige i at Prosjekt Tilhørighet har ei veldig stor og betydeleg betyding for organisasjonane. Desse midla som dei får inn gjennom PT varierer i prosentvis del av totalinntektene som dei har i løpet av eitt år frå 5-40% av totalinntektene. Men uansett om det var 5% eller 40% så var det eit samsvart *ja* om at Prosjekt Tilhørighet var av stor betyding for organisasjonen.

Ein av respondentane meiner dette om betydinga av PT;

PT gjer at vi kan ha samlingar og aktivitet billigare for medlemmane vore. Da slepp dei å betale full pris. Dersom dei skulle ha betalt full pris, kunne det ha vorte for dyrt for enkelte å vere med. Det er ikkje alle som hadde hatt god nok økonomi til å kunne vere med (eiga oversetjing).

Som ein ser ut frå sitatet så kunne det ha fått store konsekvensar for medlemmane i denne organisasjonen dersom dei ikkje hadde fått den støtta som dei får gjennom PT.

4.1.1 Bruk av midla

Gjennom intervju som eg hadde med desse organisasjonane så kom det fram at midla som dei får inn gjennom PT blir i all hovudsak brukt på drifting av organisasjonen, betre fasilitetane som høyrer til organisasjonen, innkjøp av utstyr, økonomisk støtte til medlem og aktivitetar for medlemmane sine.

Vi har brukt desse inntektene stort sett til drift av organisasjonen. Det vil seie å betale leige for idrettshall etc. for treningstider for barn og unge (eiga oversetjing).

Eg har også fått utdelt eit hefte av PT-ansvarleg i MFK som omhandlar kva alle organisasjonane som var med på PT brukte midlane frå PT på i 2011 og kva planar dei hadde for desse midla for 2012. Ut frå den informasjonen så blir mesteparten av inntektene frå PT i hovudsak brukt til drifting av organisasjon/klubb, aktivitet for medlem og innkjøp av nytt utstyr.

4.1.2 Konsekvensen dersom PT blei borte

Dersom PT hadde vorte lagt ned ville dette i følgje mine respondentar ha fått konsekvensar for organisasjonane som er med i PT.

Dette ville for nokon ha gått utover drifting av organisasjon/anlegg, tilboda som ein har til dei ulike brukargruppene, ein ville ha brukt lengre tid på å oppgradere utstyr, kutt i talet medlem som kan vere med og somme medlem måtte ha betalt større eigenandelar.

Det at medlem må betale større eigenandelar kunne vidare ha ført til at fleire av medlemmane moglegvis ikkje hadde hatt god nok økonomi til å kunne vere med lengre og måtte ha slutta. Dette er verken bra for organisasjonen eller medlemmane.

Utan Prosjekt Tilhørighet hadde vi fått mindre tid til drift og det hadde sannsynlegvis blitt dårligare tilbod for barn og unge (eiga oversetjing).

Det er også veldig viktig å kunne halde all aktivitet gåande for alle medlem. Dersom ein byrjar å kutte i aktivitetstilbod kan det føre til at medlem sluttar da dei føler at der ikkje er noko som passar dei lengre. Det er og viktig at ein held drifta av organisasjonen gåande. Dersom ein ikkje klarer dette kan også det gå utover aktivitetstilbodet da til dømes skiløypa ikkje er preparert før trening og liknande.

Ein av respondentane om kva som hadde skjedd utan PT;

Alle støttemiddel er med på å dra lasset for oss. Vi er ein liten særiddrett samanlikna med fotball/handball og annan idrett og det er derfor viktig for oss med all støtte. For oss ville det gått utover det skuletilbodet og aktivitetstilbodet som vi har til dei ulike brukargrubbene i organisasjonen vår (eiga oversetjing).

Dersom denne organisasjonen ikkje hadde hatt desse inntektene frå PT ser ein da her at dette ville ha gått utover medlemmane og det tilbodet som dei har i organisasjonen i dag.

4.2 Frivilligheita i organisasjonane og regionen

Dersom ein ser på frivilligheita til desse organisasjonane som er med på PT så er den omtrent som før, like god. Men det har også i somme organisasjonar, som respondenten sa, vorte satt eit fokus på at medlemmane bør bidra med det ein kan. Ein treng ikkje å gjere så alt for mykje for å hjelpe til, av og til treng ein berre å gjere noko lite for å utgjere ein forskjell (eiga oversetjing). Eit døme på dette kan vere at dersom kvart medlem klarer å selje nokon få sesongkort kvar gjennom PT kan dette vere med på å styrke økonomien i organisasjonen betrakteleg.

PT har også gjort det enklare for organisasjonane å fokusere på aktivitetane ein har i organisasjonen i staden for å bruke altfor mykje tid på å skaffe midlar, da dei fleste ser på PT som ein lettare måte å få inn pengar på enn mange andre aktivitetar som frivillige organisasjonar må ta i bruk.

Støtta frå Prosjekt Tilhørighet gjer at medlemmane kan bruke meir tid på organisasjonen sin aktivitet, tid som elles ville gått til å skaffe midlar (eiga oversetjing).

Ser ein på frivilligheita i regionen har den utan tvil vorte positivt styrka av PT, skal ein tru dei som leiar desse organisasjonane. PT er ein positiv ressurs for idretten og frivilligheita i dei organisasjonane som verkeleg satsar på PT. Dei fleste antek at effekten på frivilligheita er svært stor. Ein ser til dømes:

Eg trur at PT er positivt for frivilligheitskulturen i regionen. Den blir utan tvil styrka. Det er veldig positivt for regionen at ein har ressursar som styrkar idretten rundt Molderegionen (eiga oversetjing).

4.3 Oppfatningane av MFK

Når ein ser på oppfatningane av MFK, så har desse variert frå organisasjon til organisasjon. Før desse klubbane blei med på Prosjekt Tilhørighet, så var det en god del som var positive til MFK, nokre brydde seg ikkje spesielt om verken fotball eller MFK og andre hadde ikkje noko spesielt forhold til MFK.

Dette har endra seg etter at organisasjonane blei med på PT. Dei som var positive til MFK på førehand oppfattar no MFK enda meir positivt, dei har hatt ei styrka positiv vekst i forhold til dei oppfatningane dei hadde til klubben.

Dei som ikkje brydde seg om MFK og ikkje hadde noko spesielt forhold til klubben, har hatt ei positiv endring når det gjeld oppfatningane av MFK. Det er kanskje ikkje alle som går på MFK sine heimekampar og følgjer med på alle bortekampar, men når det er snakk om MFK så kan dei engasjere seg i samtalanene, somme følg med i avisene og les det som står på nettet. Ein følgjer altså meir med på MFK etter at ein blei med på Prosjekt Tilhørighet.

Noko av dette ser ein gjennom det respondentane uttrykte i intervju;

Dersom ein ser bort frå enkelte så trur eg at dei aller fleste hadde ei positiv oppfatning av MFK før vi blei med på Prosjekt Tilhørighet. Etter at vi blei med på Prosjekt Tilhørighet har nok den oppfatninga vorte styrka, da dette er eit utruleg godt tiltak for organisasjonane rundt om i regionen utanfor Molde (eiga oversetjing).

Eg trur dei aller fleste hadde ei positiv oppfatning til MFK før Prosjekt Tilhørighet. Oppfatninga har nok styrka seg positiv etter vi blei med på prosjektet (eiga oversetjing).

Så må ein spørje seg om Prosjekt Tilhørighet faktisk har vore med på å endra organisasjonane si oppfatning av MFK. Dette er noko som det er veldig vanskeleg å måle, men kan ein seie at PT har ført til at andre frivillige organisasjonar så og sei føler seg i familie med MFK? MFK viser gjennom PT at dei sjølv er ein frivillig organisasjon, dei forstår dei utfordringane som frivillige organisasjonar har med tanke på økonomi. Ein kan seie at dette samarbeidet som dei har gjennom PT styrker alle partar. MFK får fleire tilskodarar på kamp ved hjelp av dette prosjektet, og andre frivillige organisasjonar får ein styrka økonomi.

4.4 Oppfatningane av PT

Når ein ser på oppfatningane som dei frivillige organisasjonane har av Prosjekt Tilhørighet, så var alle respondentane av same oppfatning; PT er utelukkande positivt. Respondentane ser på PT som eit prosjekt som er eit positivt bidrag til alle dei frivillige organisasjonane i regionen som er med på dette prosjektet, samt at det blir sett på som veldig generøst og profesjonelt drive. Respondentane sett pris på dette tiltaket og dei som står bak det, og det at MFK er her i regionen er positivt for omland uansett. Dette ser vi igjen i sitata under frå respondentane;

Vi ser på Prosjekt Tilhørighet som eit svært positivt bidrag til dei frivillige organisasjonane i regionen, og vi sett stor pris på tiltaket og dei som står bak det (eiga oversetjing).

Vi ser på Prosjekt Tilhørighet som veldig positivt for oss og andre organisasjonar, det er veldig profesjonelt drive og veldig generøst (eiga oversetjing).

Vi ser på dette som eit veldig positivt bidrag til alle frivillige lag og organisasjonar i regionen (eiga oversetjing).

4.5 Diskusjon

Når ein ser på dei resultata som eg har kome fram til så kan ein stille seg sjølv spørsmålet om kor ærlege respondentane har vore når dei svarte på spørsmåla i intervjuet. Dei aller fleste vil nok svare positivt sidan dei får pengar av TRG/MFK gjennom PT. Dette er

forståeleg. Det er ikkje vanleg å gå ut å kritisere noko av det som moglegvis er ei av dei største inntektskjeldene ein har som ein frivillig organisasjon. Dette er også, som eit fleirtal av respondentane har sagt, ein lettare måte å få inn pengar på enn mange andre aktivitetar som frivillige organisasjonar må ta i bruk, og det hadde ikkje sett bra ut for dei å kritisere eit slikt prosjekt.

Men dersom ein ser på dette prosjektet, så er det også veldig vanskeleg å kritisere det fordi det bidreg med å stimulere frivillig arbeid utan at det krev for mykje av organisasjonane. Dette er eit prosjekt der ein har ein sponsor, Kjell Inge og Anne Grete ved selskapet TRG, som delar ut pengar til frivillige organisasjonar som er med å hjelpe MFK med å få selje sine sesongkort. I 2012 blei det delt ut i overkant av 12 millionar som er det meste som har vorte delt ut på eitt år gjennom PT. Likevel er dette berre halvparten av det TRG er villige til å dele ut i løpet av eitt år, da dei har sett ei øvre grense på 25 millionar på eitt år. Dei aller fleste av respondentane ser på dette som eit veldig generøst tiltak frå TRG si side som nesten ikkje er til å tru. Kven er det vell som er villig til å dele ut så mykje midlar årleg utan å forvente omtrent noko tilbake? Det einaste TRG og MFK ønskjer med dette prosjektet er å auke aktiviteten blant frivillige lag, foreiningar og organisasjonar, samt å auke engasjementet og oppslutninga rundt MFK sine heimekampar.

Kven kritiserer vell noko slikt? Det einaste som kan likne på kritikk er vell at det er nokre som ser på dette som ein veldig gåvmild/storsinna gest frå TRG og Kjell Inge Røkke, og ikkje MFK. Prøver MFK å ta æra for den gesten som Kjell Inge Røkke gir til desse frivillige organisasjonane?

Ein ser også på frivillig arbeid som eit ideelt arbeid, og det er da ikkje gitt at frivillige organisasjonar vil tene pengar på kva som helst slags måte. Dette ser ein til dømes på saken som oppstod da ein strippeklubb ville sponse tippeligalet Sandnes Ulf. Problemet ser ein ut frå ein uttalen frå ein talsperson i Sandnes Ulf;

Sandnes Ulf er et stort idrettslag med mange barn og unge som medlemmer. Virksomheten til Money Talks passer ikke med vår profil. Dette er ikke noe vi ønsker å assosieres med, slik virksomhet er i strid med det grunnsynet klubben har og de prinsipper vi driver etter. Derfor sier vi nei(Heimsvik, Ove 2013).

Som ein ser her så vil ein ikkje bli assosiert med kva som helst, da det mest sannsynleg ville ha ført til mykje negativ omtale rundt klubben om dei hadde sagt ja til ei slik sponsoravtale.

Det som ein ser over er nok ikkje tilfelle når det gjeld Prosjekt Tilhørighet. TRG er eit selskap som er privateigd av Kjell Inge Røkke og kona, og det einaste ein blir assosiert med ved å vere med på PT er TRG, Kjell Inge Røkke og MFK. Og eg vil påstå at det å bli assosiert med desse ikkje er noko negativt.

Det at ein ser så udelte positive tilbakemeldingar får respondentane kan tyde på normativ og kognitiv kongruens som vi seie at det er samsvar mellom den normative og kognitive søyla. Det vil da seie at det er samsvar mellom dei verdiane og normene som MFK står for og dei meiningane/oppfatningane som ein finn blant folk/organisasjonane rundt MFK.

5.0 Konklusjon

Når ein ser på den normative søyla, der det som sagt tidlegare er snakk om verdiar og normer i omgivingane til organisasjonen, kan ein konkludere med at gjennom PT så får MFK og TRG positiv omtale gjennom pressen kvar gong det er snakk om PT. Det at MFK og TRG har eit slikt samarbeidsprosjekt, som gagnar alle dei frivillige organisasjonane som er med på dette prosjektet, er noko som eg meiner er med på å styrke legitimiteten til MFK blant omgivingane, både når det gjeld lokalbefolkninga, næringsliv/sponsorar, andre frivillige organisasjonar osv. Og MFK vil kunne/har oppnådd ein moralsk aksept i samfunnet grunna dette prosjektet.

Dersom ein ser på den kognitive søyla, som sagt tidlegare omhandlar meiningane til forskjellige grupper rundt organisasjonen, kan ein trekkje den konklusjonen at via PT så blir MFK oppfatta som meir legitim både av lokalbefolkninga og dei frivillige organisasjonane som er med på PT. Desse har hatt sine oppfatningar av MFK i mange år da MFK er ein sentral del av lokalsamfunnet, og Prosjekt Tilhørighet er mest sannsynleg ein av dei faktorane, saman med blant anna Distriktsturneane som blei starta i 2007, som har vore med på å gjere MFK meir legitim i regionen. Det betyr at befolkninga sine meiningar gradvis har vorte endra til det positive ved å sjå at PT gagnar dei frivillige organisasjonane i tillegg til at det gagnar MFK.

Så ved å sjå på dei institusjonelle omgivnadane til PT og MFK, ser ein at både MFK og PT blir påverka av omgivnadane. MFK må halde seg til bestemmingane i NIFs lov for å kunne gjennomføre eit slikt prosjekt, og MFK blir nok sett på med meir aksept og blir dermed meir legitime grunna PT. PT er også veldig avhengig av frivilligheita blant dei frivillige organisasjonane for å kunne oppnå sitt formål, som er å styrke aktiviteten i frivillige organisasjonar rundt om i regionen. Dersom desse organisasjonane ikkje hadde stilt opp som seljarar for MFK, ville kvar enkelt organisasjon fått inn ein god del mindre midlar, og det kunne da ha blitt mindre aktivitet blant dei frivillige organisasjonane.

Ein kan kanskje seie at dersom ein ser bort frå hovudmålet til MFK ved dette prosjektet, som er å få fleire folk på kamp, så brukar MFK dette prosjektet til å bli meir aksepterte, betre oppfatninga av klubben og betre legitimiteten i samfunnet. Og gjennom mine resultat, så vil eg seie at dette har dei klart!

6.0 Referanseliste

- Andersen, Jon Aarum. 2009. *Organisasjonsteori: fra argument og motargument til kunnskap*. Oslo: Universitetsforlaget
- Brunvoll, Olaus. 2013. Munnleg uformell samtale.
- Enjolras, Bernad., Ørnulf Seippel og Ragnhild Holmen Waldahl. 2005. *Norsk Idrett: organisering, fellesskap og politikk*. Ullevål: Akilles
- Frivillighet Norge. 2013. Tema: *Hva er en frivillig organisasjon?*
http://www.frivillighetnorge.no/Hva+er+en+frivillig+organisasjon%3Fb7C_wlfWWG.ips
(lest 18.05.13)
- Heimsvik, Ove. 2013. *Strippeklubb vil sponse Sandnes Ulf*. Aftenposten
<http://fotball.aftenposten.no/eliteserien/article270205.ece> (Lest 18.05.13)
- Jacobsen, Dag Ingvar. 2005. *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: innføring i samfunnsvitenskaplig metode*. 2. utgave. Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Jacobsen, Dag Ingvar og Jan Thorsvik. 2009. *Hvordan organisasjoner fungerer*. 3. utgave. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørle AS
- Madsen, Veronica Nerland. 2011. *ADM201 Innføring i samfunnsvitenskaplig metode*. Heimeeksamen, Høgskulen i Molde.
- Molde FK. 2012. Tema: *Hva er Prosjekt Tilhørighet?*
<http://www.moldefk.no/what-is-project-belongs> (Lest 17.03.13)
- Molde FK – Breddeavdelingen. 2013. Tema: *Hva er Prosjekt Tilhørighet?*
<http://kxweb.no/portal/public/showContentCategory.do?id=10199> (Lest 14.02.13)
- Molde Fotball AS. 2012. *Status PT hos lag/foreninger*. (Molde Fotball AS sine arkiv)
- Molde Fotball AS. 2013. *Statutter Prosjekt Tilhørighet* (Molde Fotball AS sine arkiv)
- Molde Fotball AS. 2010, 2011 og 2012. *Total Utbetaling*. (Molde Fotball AS sine arkiv)
- Norges Idrettsforbund. 2012. *Lovhefte - Ajourført per mai 2012*. Ullevål: Norges Idrettsforbund og olympiske og paraolympiske komitè

Rbnett.no. 2010. Tema: *Prosjekt Tilhørighet*.

<http://www.rbnett.no/frapapir/article183405.ece> (Lest: 03.02.2013)

7.0 Vedlegg

7.1 Intervju med frivillige organisasjonar i høve Prosjekt Tilhørighet

1. Kva organisasjon er dykk, og kva gjer dykkar organisasjon? (Fleiridrettslag, sær-idrettslag, anna frivillig organisasjon).
2. Kor stor del av inntektene dykkar får dykk gjennom Prosjekt Tilhørighet? – prosentvis.
3. Kva betydning meiner dykk at desse midlane har hatt for dykk?
4. Kva har dykk brukt desse midlane til?
5. Kor mye arbeid legg dykk i Prosjekt Tilhørighet?
6. Kva hadde skjedd dersom dykk ikkje fekk inn desse midlane som dykk får inn gjennom Prosjekt Tilhørighet? – Kva hadde det gått utover?
7. Kor lenge har dykk vore med i Prosjekt Tilhørighet?
8. Kva oppfatning hadde medlemmane dykkar av MFK før dykk blei med på Prosjekt Tilhørighet?
9. Har denne oppfatninga endra seg sidan da? Korleis veit dykk i så tilfelle det?
10. Har frivilligheita i dykkar organisasjon blitt betre på grunn av Prosjekt Tilhørighet? Korleis ser ein dette og kva har endra seg?
11. I kva grad meiner du at Prosjekt Tilhørighet er med på å styrke frivilligheitskulturen i regionen?
12. Korleis ser dykk på Prosjekt Tilhørighet? Ser dykk på det som et positivt bidrag til dei frivillige organisasjonane i regionen eller ser dykk på det som ein kompensasjon sidan MFK «stikk av» med alle de store sponsorene?